

ANNA R. FOLKESTAD skaper fantasifulle fiksjonsunivers for dei yngste. **S. 6**

ERNA OSLAND fortel korleis gode skriveoppgåver kan få alle elevar til å skriva gode tekstar. **S. 10**

TERJE TORKILDSEN skriv slik at skuletrøytte ungdomar sluker bøker på nynorsk. **S. 12**

KLART EG LES!

SPECIALNUMMER AV **NYNORSKOPPLÆRING** | NR. 18 | VÅREN 2013 | EIT BLAD FRÅ NYNORSKSENTERET



Mengdetrening

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret FOTO: **Kib & Morits**

INGEN BLIR GOD i noko utan å øve på det ein ynskjer å bli god i. Det gjeld fotballspelarar og røyrleggarar, lærarar og børsmeclarar. Det gjeld også dei som vil bli flinke til å skrive.

Teoretisk kunnskap er vel og bra, men ikkje nok. Mange born veit mykje om fotball. Dei ser favorittlaga i kamp så ofte dei kan, dei les og høyrer analysar, kommentarar og reaksjonar frå såkalla ekspertar, og dei har sterke meiningar om godt og dårleg spel. Men flinke fotballspelarar blir dei ikkje utan å trene sjølve, så mykje som råd og under rettleiing frå kompetente trenarar.

Mengdetrening med kunnig rettleiing må også til for å bli ein stø nynorskbrukar. Gutar

og jenter som skal bli flinke i nynorsk, må øve sjølve, mest mogleg. Det gjeld både i lesing og skrivning.

Her har nynorsk læraren ei ekstra utfordring i høve til kollegaen som underviser i bokmål. Nynorskelevar har færre språklege førebilete fordi det er mykje mindre nynorsk tekst å sjå i kvardagen rundt dei. Dei har tilgang til nynorske skulebøker og kanskje ei nynorskredigert lokalavis, men på nettet, i fjernsyn, radio, vekeblad og i allslags reklame dominerer bokmålet totalt.

Bokmålspåverknaden er også stor på dei små skjermane. Her kjem i tillegg ei anna utfordring: bruken av dialekt. På Facebook, Twitter og i



mobilmeldingar bryr mange seg lite om ordliste og skulegrammatikk, og all skrivinga gir dermed ikkje utan vidare sikrare språkføring når dei i andre samanhengar skal skrive på normert nynorsk.

Eitt av våre bidrag for å bøte på manglande språklege førebilete for unge nynorskbrukarar er å formidle god litteratur på god nynorsk. Fleire lærarar og foreldre må få vite om alle dei gode tekstane som faktisk finst, slik at born og unge kan få meir mengdetrening. Det er einaste måten å bli god på.

NYNORSKOPPLÆRING NR. 18, SJUANDE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland
SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS
FRAMSIDE: Jens K. Styve

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

På vevstaden til Nynorsksenteret kan du no finna små brettebøker av Erna Osland.

Brett ei bok

TEKST: **Arild Torvund Olsen** FOTO: **Arild Torvund Olsen**

www.nynorsksenteret.no/brettebok

Forfattaren Erna Osland har laga ei samling med små forteljingar for born som har lært å lesa sjølve. Her kan du til dømes lesa om Siri som drøymmer om å fly til venen sin i Kautokeino,

om Jon som liker å fiska saman med den vaksne venen sin, Reidar, og om Eli som har ein fugl på hovudet. Tekstane ligg ute som brettebøker, slik at borna kan skriva ut eit ark og sjølve bretta arket til ei bok. Til saman vert det eit lite minibiibliotek med brettebøker.



FRAMSIDEBILETET til dette nummeret av bladet er laga for oss av Jens K. Styve (f. 1972). Han er forfattar, illustratør, teikneserieskapar og grafisk formgjevar, og har mellom anna gjeve ut romanen *Eg, Ove Kvamme* (2007) og teikneserieboka *Du er ein luring*, Finn Bjølseth (2002). Hausten 2013 er han aktuell med romanen *Friedland* på Samlaget.

<http://jenskstyve.no/>



Innhold

Mengdetrening av Torgeir Dimmen	S. 2
Brett ei bok av Arild Torvund Olsen	S. 3
Serie med eigen fanklubb av Gudrun Kløve Juuhl	S. 4
Alt er lov! av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	S. 6
Berre intelligente lesarar av Janne Karin Støylen	S. 8
Kan du komme til Jølster? av Janne Karin Støylen	S. 10
Gi ungdommane is og brus av Terje Torkildsen	S. 12
Vevsidetips	S. 14



GAMLE NUMMER AV BLADET
kan du lesa på vevsida vår
www.nynorsksenteret.no/blad/

Bente Bratlund skriv lettelse og fengjande om besteveninner, kjærastar, venskap og uvenskap.

Serie med eigen fanklubb

TEKST: **Gudrun Kløve Juuhl** ILLUSTRASJON: **Tone Lileng**, www.tonelileng.no

EG RINGJER Bente Bratlund akkurat då ho er ferdig med eit skulebesøk. Bratlund driv hektisk skuleturnéverksemd med feel good-bøkene om besteveninnene Hanna og Emma og dei akkurat passeleg store forviklingane dei kjem opp i med kjærastar og veninneskap, slikt som er kjekt å lesa om både når ein er i åtte-tolv-årsalderen som Hanna og Emma, og når ein er litt eldre.

– Eg byrja faktisk på den fyrste boka om Hanna og Emma då eg sjølv hadde lyst på ein kjærast, fortel forfattaren. – Den fyrste boka i serien, *Eg spør!*, handlar om at Emma, besteveninna til Hanna, har fått kjærast, og då vil Hanna òg ha ein. Eg sat altså der og hadde lyst på ein kjærast, og så tenkte eg, litt slik som Hanna gjer, kva gjer ein når ein vil ha ein kjærast? Hmmm... Så sette eg meg ned og byrja skriva, og slik vart altså den fyrste boka om Hanna og Emma til.

– Eg har skrive om mange alvorlege ting før, så det var så gøy å skriva om desse alminnelege kvardagsungane som opplever alminneleg ting, ting som kan verka dramatiske der og då, men som i den store samanhengen er ganske vanlege. Så vart eg så glad i Hanna, og så vart det fleire og fleire bøker. Det er så rart at no når eg har vorte kjend med Hanna og Emma, så dukkar det stadig opp nye historier og tankar om kva som kjem til å skje med dei.



Det er no kome fire bøker om Hanna og Emma, eller eigentleg åtte, for det er to bøker i kvar bok! Forteljingane er korte og lette å lesa, og det er viktig for forfattaren:

– Eg er veldig oppteken av at det skal vera bøker som er tilgjengelege og lette å koma gjennom ... ikkje alle greier å starta med dei store, tunge bøkene, og då kan historier som bøkene om

Hanna og Emma vera med og opna ein veg inn i lesinga fordi dei ikkje er så store og krevjande. Dei kan vera ein dørøpnar til vidare lesing.

Det har også vore ei ny oppleving for forfattaren å skriva serie, for før har ho alltid skrivne enkeltbøker: – Eg hadde ikkje trudd at det var så gøy! Ein får fylgja personar vidare og kjem tettare innpå dei.

Jentebøker?

– Hovudpersonane i bøkene om Hanna og Emma er jenter, er dette jentebøker?

– Det er kanskje det, men eg ser når eg har vore rundt på turnear med den kulturelle skule-

sekken, at gutane òg er engasjerte. Konfliktar med vener og kjærastar er jo noko alle er opp-tekne av. Elles ser eg på det som viktig å skriva for jenter. Det har vore mykje snakk om gutar og lesing ei tid, men me må ikkje slutta å skriva for jenter fordi om gutane òg skal få sine bøker.





Bokserien om Hanna og Emma engasjerer lesarane, det merkar Bratlund godt når ho er på skuleturné.

– Ein skule fortalde at jentene hadde laga ein eigen Hanna og Emma-fanklubb! Det er også veldig kjekt å oppleva når ein er på turné, at ein del av jentene har lese bøkene og er veldig opp-tekne av Hanna og Emma når eg kjem.

Til slutt eit par drypp for å vekkja nyfikna hjå lesarar som ikkje har rokke over den siste dobbel-boka om Hanna og Emma enno: *Surare enn sitron* / *Hemmeleg gjest*, som kom i mars. *Surare enn sitron* handlar om at det kjem ein ny person inn i livet til Hanna. Mor til Hanna har fått seg kjærast, og han har ei dotter som heiter Jill. Hanna får melding om å oppføra seg fint mot henne.


– Men Jill syner seg å vera ei skikkeleg sur-padde, ler forfattaren.

Den som vil vita korleis det går, får lesa. Det me likevel kan vera ganske sikre på, er at det går bra til slutt. Hanna og Emma finn nok ut av det, som i dei andre bøkene.



Hanna og Emma-serien til Bente Bratlund:

- **Eg spør! / Eg tør?** (Mangschou 2008)
- **Operasjon hemmeleg / Slange i paradiset** (Mangschou 2011)
- **Berre venner / Listig plan** (Mangschou 2012)
- **Surare enn sitron / Hemmeleg gjest** (Mangschou 2013)



«Av og til gjer det faen så godt å seie i frå. Ein må berre finne styrke til å gjere det», står det bakpå fyrste boka i serien om Bebe, som Bratlund også skriv. Bebe er ein lettlese serie for ungdom.

- **Bebe** (Mangschou 2011)
- **Bebe 2. Ingen ting som før** (Mangschou 2012)
- **Bebe 3. Den einaste som veit** (Mangschou 2013)

Når Anna R. Folkestad skal formidle litteratur for born, likar ho tanken på at alt er lov.
I bøkene hennar møter ein ei naturleg verd med innslag av det fantasifulle.

Alt er lov!

TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng** ILLUSTRASJONAR: **Anna R. Folkestad**



ANNA R. FOLKESTAD er forfatternen bak boka om *Henrik And* og dei tre bøkene om pingvinane Unni og Gunni. Unni og Gunni er to pingvinvenner som likar å prøve nye ting. I *Unni og Gunni reiser* flyg til dømes pingvinane på eit flygande teppe opp, ned, framover og bakover, rundt i ring, over, under og gjennom, før dei landar trygt heime hjå seg sjølve att.

Forfatternen sjølv ønskjer å formidle noko meir med bøkene sine enn berre to pingvinar som kan lære deg omgrep. Ho ønskjer at lesaren skal verte glad i Unni og Gunni. Ho vil gjerne at det skal vere bøker ein ønskjer å ta fram att fleire gongar.

Før dei minste borna er bileta viktige knaggar i utviklinga.

– Ved å gi dei illustrasjonar kan dei lettare førestille seg verda som eg vil prøve å formidle. Illustrasjonane kan gi eit grunnlag som er med på å utvikle evna til å skape det fantastiske. Det skapte universet gir borna knaggar til å førestille seg situasjonen ein prøver å beskrive. For meg er bileta det mest talande, seier Anna. Ho både illustrerer og skriv teksten til bøkene sine, og ser gjerne for seg boka i bilete først. Teksten skriv ho etterpå for å drive historia framover.

– Eg har nokre gongar prøvd å skrive meir tekst, men då tenker eg at eg kan no berre teikne det.

Anna er opptatt av at born må få gode opplevingar og gode møte med bøker. Bøker må gjerne gi ei god kjensle og ei god stemning. Det å få lov til å førestille seg noko, leve seg inn i noko. Det å drøyme seg vekk gir borna ei oppleving av eit anna univers.



– Born har ein grenselaus fantasi, og bøker kan vere med på å utvikle denne indre verda, seier ho.

Bøker må gjerne gi ei god kjensle og ei god stemning. Det å drøyme seg vekk gir borna ei oppleving av eit anna univers.

– Ein må starte tidleg, ein må gi borna gode opplevingar med bøker tidleg. Borna må ha tilgang til gode biletbøker frå dei er små. Dei må få lov til å bla i bøkene og undre seg over teikningane eller bileta. Ved å få tilgang til den fantasifulle verda ei bok kan gi, kan ein skape ei interesse for bøker og litteratur i borna, som dei vil ha stor glede av. Eg er sjølv svært glad i å lese, og kan leve

meg så mykje inn i ei bok at eg kan kveppe av det som står der, seier Anna. Det gir ei god kjensle å kunne leve seg inn i historia i ei bok.

– Eg er særleg glad i biletbøker og kjøper sjølv mange biletbøker. Det er slik at eg berre må ha akkurat den boka, fordi ho gir meg ei god kjensle, seier Anna R. Folkestad, og framhevar verdien av biletbøker for born i alle aldrar.



Gode bøker av Anna R. Folkestad:


- **Henrik And** (Samlaget 2011)
 - **Unni og Gunni reiser** (Samlaget 2012)
 - **Unni og Gunni malar** (Samlaget 2012)
 - **Unni og Gunni gjer det fint** (Samlaget 2013)
- (Unni og Gunni finst også som appar)

• www.nynorsksenteret.no/aktivitetsark

Aktivitets- og fargeleggingsark frå Nynorsksenteret.
Her finn du både Henrik And og Unni og Gunni.

Litteraturprisar:

- **Nynorsk barnelitteraturpris** for Unni og Gunni reiser.



www.annafolkestad.no

Bjørn Sortland er mellom dei mest lesne og omtykte barnebokforfattarane våre. I over tjue år har han skrive i dei fleste sjangrar, han skriv både for små barn og vaksne lesarar, men mest for ungdom. Kunst og kunsthistorie er viktige tema i forfattarskapen hans.

Berre intelligente lesarar

TEKST: **Janne Karin Støylen**

– **EG HAR BERRE** intelligente lesarar. Dei forstår kva eg prøver å seie, og dei toler det som er vanskeleg. Når eg skriv, er eg oppteken av å seie ting så enkelt som råd. Eit klart og enkelt språk og ein stram regi på teksten, men open for kaoset som kan oppstå. Som *må* oppstå for at teksten skal kunne bli kunst.

Bjørn Sortland har ikkje tid til å snakke med meg. Berre få dagar før premieren på spillefilmen *Blåtur*, som han har skrive manus til, er hovudbodskapen til den travle forfattaren «Løys billett!».



– Spør då, ler han likevel. Det klare og enkle språket er det same når han snakkar som når han skriv. Eg som spør, kjenner at eg er ein intelligent lyttar. Eg forstår kva han prøver å seie, og eg toler at det er vanskeleg. At vi utdannar ein generasjon lesarar som kan lese, men som ikkje vil. Som ikkje har mental kondis til å lese ei heil bok.

– Eg vil bli lesen, seier Sortland engasjert. – Det er det viktigaste for meg. Men eg sel meg ikkje billeg! Skal ein ha sjanse til å nå lesarane i kampen om tida og merksemda deira, må boka ha klare og sterke rammer. Det er fullt mogleg å ivareta litterære kvalitetskriterium, likevel.

– Alle vil det same som eg, vil at ungane skal lese, men dei vaksne les ikkje sjølve, held Sortland fram. – Dei ligg på sofaen og ser på seriar og



– Alle vil det same som eg, vil at ungane skal lese, men dei vaksne les ikkje sjølve. Dei ligg på sofaen og ser på seriar og surfar på nettet, den mentale kondisen er ikkje akkurat på topp.



surfear på nettet, den mentale kondisen er ikkje akkurat på topp. Somme tider tenkjer eg på alle leselystkampanjane i skulen som sminka sjuke-bilar. Skjønar du? Desse gule bilane med blålys som ser ut som sjuke-bilar, men ikkje er det? Oj, der kjem ein sjukebil! Nei, det var det visst ikkje. Kampanjane er prega av ein slags krampe-pedagogikk som svekkjer lysta. Aksjonsviljen er stor, vi pakkar lesinga inn i ny, blank lakk og blinkande lys, men inni er det lite som verkar.

– Slik er det i media også, når avisene ein sjeldan gong skriv om barnebøker. Skipper-taka vert presenterte med flott lay-out og fine fargar, men det blir som å kjøpe rosar til kona når du har gjort noko gale. Dei tek ikkje barne-litteraturen på alvor, dei juksar. Det er ikkje så underleg at ungane ikkje blir dedikerte lesarar når litteraturen for barn ikkje har større status

verken i skulen eller i samfunnet, seier den om-tykte barnebokforfattaren.

– For eit par år sidan fekk eg Aschehoug-prisen, fortel Bjørn Sortland vidare. – Det er jo slike prisar som dei vanlegvis deler ut til Hoem og Solstad og andre meritterte vaksenbok-forfattarar. Dagen etter prisutdelinga ringte P2 for eit intervju. Men dei ville ikkje snakke med meg om bøkene eg har skrivne for barn, dei ville snakke om eit rykte dei hadde høyrte frå festen dagen før! Eit rykte om at eg hadde ein idé til ein film. Eg hadde jo det, smiler Bjørn Sortland.

I filmen *Blåtur* har forfattaren skrivne manus og vore produsent. Filmen har premiere om få dagar. Forfattaren har ikkje tid til å snakke med meg. Men no har han gjort det likevel. For lesarane si skuld. Bjørn Sortland tek barnelesaren på alvor. Han har berre intelligente lesarar.

Nokre gode bøker av Bjørn Sortland:

- **Raudt, blått og litt gult** (Samlaget 1993)
Illustrert av Lars Elling
- **12 ting som må gjerast rett før verda går under** (Aschehoug 2001) – finst også som lydbok
- **Plutselig ville eg ikkje laga dorull-dyr lenger** (Aschehoug 2002) Illustrert av Øyvind Torseter
- **Triks** (Lettlest forlag 2006)
- **Alle har eit sultent hjerte** (Aschehoug 2008)
- **Ho tok av seg blusen og sa ho var bibliotekar** (Piggesvin forlag 2012)
Illustrert av Øyvind Torseter

Vevsida til forfattaren:

- **www.bjornsortland.no**

Rett før vi går inn i Språkåret, får forfatteren Erna Osland eit e-brev frå prosjektet *Nynorsk skaparkraft* i Jølster. Dei spør om ho kan komme og skrive med femte-, sjette- og sjuandeklassingane deira. Dei skal skrive bok om bygda si, alle skal vere med, og no treng dei hjelp frå ein som har skrive bøker før!

Kan du komme til Jølster?

TEKST: **Janne Karin Støylen** FOTO: **Lene Løtvedt**

– **OM VI SKAL FÅ TIL NOKO**, er det viktig at elevane ikkje kvir seg til å skrive. Dei må ha tru på at dei har noko å by på, dei må få lyst til å skrive ei bok. Ganske fort må eg få dei unge skrivarane til å skjønne at dei har noko å fare med. Oppgåvene må vere superenkle, seier Erna Osland.

Ho reiser til Jølster med fire diktsamlingar i sekken: *Mellom sol og måne* (1984) av Marit Tusvik, *Elefantmusikken* (1985) av Ragnar Hovland, *Sola klappar meg* (1990) av Per Olav Kaldestad og *Spor, snø* (1970) av Jan Erik Vold. I alle skrivegruppene fortel ho om dei fire forfattarane og skrivinga deira.

– *Korleis set du elevane i gang med å skrive?*

– Eg startar alltid med Jan Erik Vold. Han er ein av dei finaste poetane i landet, seier eg og syner elevane *Spor, snø*. Eg bler gjennom boka slik at dei verkeleg kan sjå korleis ho er bygd opp. Med eigne auge får elevane sjå at alle dikta har tre korte linjer. Fleire av dikta har berre tre ord, og likevel gir dei meining. Dei strenge krava til det ekte haikudiktet lar eg liggje. Kvart dikt får tale for seg, eg skriv dei på tavla så vi saman kan kjenne kor mykje meining som kan komme ut av så få ord.

– Orda på tavla – vi les dei, vi tenkjer på dei. Vi undrar oss over kvar krafta i den vesle teksten sit. Og så startar elevane å skrive på dei små arka sine.



– Skriv tre ord, seier eg, – og set dei på tre linjer, slik som i boka til Jan Erik Vold.

– Ein del elevar begynner straks å skrive. På to minutt har dei fleste skrive minst ein tekst. Mange elevar lagar fleire tekstar. Dei kjem på nye ting å skrive mens dei skriv, og dei ser at mønsteret kan brytast, dei kan lage sine eigne nye mønster. Og dei ser ut til å like det!

– Dei likar også at eg les tekstane deira. Dei som får tekstane sine lesne, blir glade og får nye idear. Men også dei som høyrer på, har nytte av lesinga av elevtekstar. Lesinga syner nemleg at det går an å få til noko fint, sjølv med veldig få ord. Og når det fine viser seg å vere noko som alle i klasserommet har litt peiling på, smittar skrivelysta.

– *Kva om nokon ikkje vil skrive, eller ikkje får det til?*

– Om skrivinga stansar opp, prøver eg å gi idear til dei som ikkje skriv.

– Skriv om det beste du veit, seier eg. – Eller om det verste du veit.

– Eller eg kan foreslå å skrive tre ord på tre linjer der det eine ordet er *Jølster*. Eg lagar stadig nye oppgåver ut ifrå skrivinga og samtalen i klassen. Oppgåvene eg gir den første halve timen, er ganske like, for eg vil at alle skal få det til. Eg vil at *alle* skal skrive. Det er viktig at dei driv på

og skriv. Skrivinga i seg sjølv får sving på skapar-krafta hos den vesle skrivaren. Om eg ser at det framleis er nokre som ikkje er komne i gang, går eg til dei og ser kva dei har på papiret. Ser eg noko fint, seier eg det. Står nokon heilt fast, kviskrar eg litt hjelp utifrå ein ørliten samtale. Er det fleire som står fast, går eg til tavla og skriv ord eller uttrykk som kan vere til støtte. Det kan vere starten av ein tekst av ein av dei fire forfattarane, eller ei linje som elevane ser ut til å like spesielt godt. Om dei ler, verkar skrivhjelpa ekstra godt. Da blir det moro å skrive. Og den som har det moro, skriv ofte morosame tekstar, og slik ballar det på seg. Sjølv går eg heile tida rundt i klasserommet og les tekstar. Eg leiter etter fine formuleringar og roser forfattarane. Både skrivelysta og skrivefarten brukar å auke etter slike opplesingsrundar. Dei unge forfattarane vil bli lesne, og da må dei jo skrive meir og enda betre, seier ho.

– Når alle elevane har fått til ein eller fleire tekstar, fortel eg dei at eg heile tida vil gi dei nye oppgåver. Oftast med utgangspunkt i tekstar frå dei fire tekstsamlingane eg har med. Eg vil lese eller skrive tekstane slik at vi saman kan leite fram det som «byggjer» ein tekst. Når vi oppdagar slike byggjesteinar eller konstruksjonsmåtar, kan vi bruke desse oppdagingane i den vidare skrivinga. Ja, vi kan jamvel låne litt av han.

– Heile tida, igjen og igjen, seier eg at det eg seier dei kan låne frå andre tekstar, berre er framlegg. Om dei vil låne noko anna, så står dei fritt til det. Dei kan la seg inspirere av tekstane nett slik dei sjølve vil. Eller dei kan sjå bort frå tekstane og skrive det dei har lyst – slik dei har lyst. Eg er her berre for at dei skal få skrive slik som dei sjølve vil.

Når Erna Osland snakkar om det elevane og dei fire forfattarane har skrive, kallar ho det *tekstar*.



– Eg vil unngå at elevane skriv dikt. Da begynner dei å rime, og det gjer skrivinga vanskeleg. Eg vil at dei skal vere frie til å prøve ut rytme, gjen-takingar og assosiere fort og friskt utan å bli hefta eller styrt av enderim, fortel ho.

*det er yr i lufta
det kjem fleire regnbogar
fleire og fleire i fjøster
mi regnbogebyggd*

Dess lenger uti skriveøkta det går, dess mindre les og skriv Erna på tavla. Ho gir elevane heile tida nokre språklege byggjeklossar, men understrekar stadig sterkare at dei kan gjere som dei vil. Etter kvart blir låna stadig mindre. Det viser seg at dess fleire tekstar ein elev skriv, dess lenger bort frå lånet arbeider han seg. Lånet gjer at skrivinga kjem i gang, men så tar skrivelysta hos den vesle forfattaren over, han får lyst til å gjere det på sitt vis. Ja, det blir beint fram ein trong. Og jammen blir det ikkje betre også. Han som skriv, merkar det, og skriv enda meir. Til lånet er borte!

– Kva kjenneteiknar ei god skriveoppgåve?

– Ei god skriveoppgåve – slik eg ser det – er ei oppgåve som eleven arbeider seg bort ifrå. Utgangspunktet for elevteksten er ein tekst av ein etablert forfattar, men etter ei stund – etter ein del utkast – har den urøynde skrivaren skrive ein tekst som han kan rekne som sin. Ofte er teksten så fin at forfattaren blir både forundra og glad. For ein skrivelærer er det vedunderleg å sjå elevane si glede over eigne ord. Det er som om dei unge skrivarene oppdagar seg sjølve ved å lese eigne ord, og denne oppdaginga gjer dei glade og stolte. Dei blir sterke på eit vis, ikkje minst blir det tydeleg når dei sit og viftar med arka sine og ber om at deira tekst må bli lesen, avsluttar den engasjerte forfattaren.



Nokre gode bøker av Erna Osland:

- **Fint å ha far** (Mangscho 2007)
- **Den uendelege reisa** (Samlaget 2009)
- **Sov søtt, herr Spiss** (Mangscho 2010)
- **Når du går på ei bru** (Mangscho 2011)
- **Venner med venger** (Samlaget 2012)
- **Hør! 21 forteljingar om Eli** (Aschehoug 2012)

Terje Torkildsen har vunne Uprisen to gonger for ungdomsbøkene sine. Her fortel han om korleis han får skuletrøyte, ikkje-lesande ungdommar til å sluka romanar på nynorsk.

Gi ungdommane is og brus

TEKST: **Terje Torkildsen** FOTO: **Espen Gees**

FORFATTARSKAPEN MIN starta eigentleg med ein samtale i ein gymsal i Stavanger for om lag ti år sidan. Eg stod og prata med ein lærar om kor vanskeleg det var å få elevane til å lesa bøker, og særleg på nynorsk. Eg har sjølv ei fortid som norsklektor og veit litt om lærarkvardagen. Me var einige om at halvparten av gutane som gjekk ut av ungdomsskulen, eigentleg aldri hadde lese ein roman. Tala var ikkje så ille for jentene, men dei var ille nok. Læraren klaga på at det var vanskeleg å finna bøker som fengde elevane, og særleg på nynorsk. Eg sa meg berre delvis einig i dette og meinte at lærarane saktens måtte ta sin del av skulda òg.

– Kan ikkje du skriva ei steinbra bok på nynorsk då, som elevane vil lika å lesa? spurde læraren meg.

Eg smilte og svarte: – Sjølv sagt kan eg det, det er jo lett.

Dette var naturlegvis sagt på fleip, men då eg kom heim, sette eg meg ned og tenkte over det eg hadde sagt, og stilte meg følgjande spørsmål: Viss eg skal skriva verdas beste roman for ungdom på nynorsk, korleis skal den boka vera? Eg byrja å notera ned stikkord. Det må vera ei forteljing med mykje action, ein thriller, med happy ending, eit eventyr, men det bør likevel vera truverdig. Boka må ha ein hovudperson




som lesaren vil kjenna seg igjen i. Og så må det vera sex i boka. Det er naturleg for ungdommar å vera nysgjerrige på sex. Forteljinga kan godt vera romantisk, men ikkje klissete. Det må vera ekte kjærleik, vanskeleg kjærleik, umogleg kjærleik, Romeo og Julie. Men ho må ikkje vera for alvorleg. Då blir det berre kjedeleg og trist. Humor er

viktig, lesaren må le med jamne mellomrom. Og så må ho innehalda interessant informasjon. Alt dette tenkte eg, men ein ting er å tenkja det, noko ganske anna er å gjera det. Korleis skulle eg få det til? Løysinga blei å laga eit prosjekt saman med ungdomsskulen der ideen oppstod, og hausten 2005 sette me i gang eit samskrivingsopplegg

med 10. trinn på St. Svithun ungdomsskole, finansiert av Den kulturelle skulesekken.

Før eg byrja, hadde eg som sagt mange tankar om kva element boka burde innehalda, men då eg sette meg ned for å skriva, forstod eg at dette handla minst like mykje om form som om innhald. Skulle eg prøva meg på eventyr- eller dagboksjangeren? Kva synsvinkel skulle eg velja? Eg prøvde å setja meg i lesaren sin stad. Viss eg aldri har lese ein roman før, korleis bør då denne boka vera for at eg raskt skal kunna forstå kva det er? Korleis er romanen i si lettast tilgjengelege form? Eg grubla lenge på dette, og på eit tidspunkt slo det meg at sjølv om lesaren aldri har lese ei bok før, så har han eller ho garantert sett ein film. Dei har sannsynlegvis sett mange filmar. Kva om eg legg boka opp som ein action-film? Viss eg skriv ein actionfilm i prosaform, er kameraet synsvinkelen, og kapitla blir som filmscener. Og viss eg skriv forteljinga i presens, vil det kanskje gi den same «dette skjer her og no»-effekten som i ein film.

Planen med samskrivingsprosjektet var at elevane skulle vera responsgrupper og lesa kapitla etter kvart som eg skreiv dei. Etterpå skulle dei gi meg tilbakemelding på kva dei likte og ikkje likte. Dette er ein velp prøvd metode. Det som gjorde prosjektet mitt unikt, var at elevane ikkje visste at det var eg som skreiv forteljinga. Eg var ein hemmeleg forfattar som skreiv under pseudonymet Neratta Prof (forfattaren baklengs). I starten trudde elevane det var læraren deira som skreiv teksten, og då fekk eg mykje respons av typen: *Dette var eit kjempekjekt prosjekt ☺. Du er den beste læraren, Anne Marthe! Du har gjort norsken til det kjekkaste faget ☺☺.* Men etter kvart skjønte elevane at det ikkje kunne vera norsklæraren som skreiv til dei, og då blei dei også meir ærlege og kritiske i tilbakemeldingane: *Cut the crap! Merr*



Gode bøker av Terje Torkildsen:

- **Marki Marco** (Samlaget 2008) – vinnar av Uprisen 2009
- **Dystopia I** (Samlaget 2009)
- **Dystopia II** (Samlaget 2010)
- **Dystopia III** (Samlaget 2011) – vinnar av Uprisen 2012
- **Dystopia IV** (Samlaget 2012)

Les meir om samskriving med hemmeleg forfattar i *Nynorskopplæring* nr. 11

sex og action, please. Alle detaljane om landsbyen han bodde i gjorde det gørr.

Det var denne typen tilbakemeldingar eg eigentleg var på jakt etter. Eg forstod etter kvart at stilen funka ganske bra. Det var lurt å skriva i presens, og ein autoral synsvinkel var lett å akseptera, men tilbakemeldingane viste òg at mange av elevane var allergiske mot skildringar. Eg hadde ein mistanke om dette før eg starta, og prøvde å visa måtehald, men det var likevel ikkje nok. Sex, action, romantikk og humor var derimot noko dei fleste sette pris på. Våren 2006 hadde eg eit manus, og eg hadde lært enormt mykje om korleis ein bør skriva for å få ungdom til å lesa. Lærarane hadde gjennomført eit

prosjekt som hadde skapt auka leselyst og betre haldningar til nynorsk, og elevane hadde både lært, lese og hatt det løye. Eg sende manuset til Samlaget og fortalde om samskrivingsprosjektet. Dette var fasiten. Her hadde eg skrivne det ungdommane ville ha. Forlagsredaktøren likte boka, men var likevel skeptisk.


– Me kan ikkje berre gi ungdommane is og brus, sa han.

– Kvifor ikkje? spurde eg.

Eg veit at ungdommar også treng gulrøter og kjeldevatn, men det er ikkje nødvendigvis nynorskforfattarane sin jobb å gi dei det. Viss me ønskjer at lesing skal vera ein fest for ungdommane, må me kunna gi dei is og brus.

Gode nettsider

www.tunkatten.no



TUNKATTEN LURIVAR, agent ordspion av Aasen-tunet, har sin egen nettstad for born i aldersgruppa 6–10 år. Her har han samla aktivitetar som høver både i sofakroken og på skulebenken. Han har til og med ei samling forteljingar om seg sjølv, skrivne av kjende forfattarar som Maria Parr og Roald Kaldestad. Historiene kan du både lese og høyre. Songboka hans veks for kvart år og alle songane finst i mp3-format for lett nedlasting og høgtspeling i klasserommet, både med og utan forsongar. Treng du notar og songark, har han tenkt på det også. Kryssord, ordleiting og andre ordspel høver fint åleine, saman med ein vaksen eller i grupper.

www.nynorsk bok.no

Nynorsk bok.no



NYNORSKBOK.NO er ei vevside for dei som er på jakt etter gode, nyare nynorske bøker for born og unge. Det finst mange gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert på den nye litteraturen som kjem. På Nynorsk bok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

www.nynorsksenteret.no/born/



NYNORSK FOR DEI MINSTE er ressursider for vaksne som arbeider i barnehage og i barneskule. Sidene inneheld opplegg, tips, filmar, tekstar, musikk og fagstoff.

www.berteogiver.no



AKTIVITETSSIDENE BERTE OG IVER inneheld spel, animasjonsfilmar og språklege aktivitetar. Sidene let borna utforske mange rom saman med figurane Berte og Iver. I observatoriet kan borna til dømes løyse rimoppgåver, oppdage stjernebilete og spele spelet Romkatten, og i leikerommet finn dei bokstavleikar, puslespel, gåter og rebusar. Borna kan òg kle på Berte og Iver eller lese om då dei drog til månen.

www.lesesenteret.no



LESESENTERET set leseopplæring og leselyst på dagsordenen. Her finn du materiell til hjelp med språkstimulering, leseopplæring og leseutvikling i skule og barnehage.

www.bokbaten.no/klubben/



BOKBÅTKLUBBEN er ei aktivitetsside for born. Her finn du spel, tevlingar, bokmeldingar og boktips frå Bokbåten. Du finn òg reiseruta til Bokbåten, kanskje kjem han til deg?

www.nynorsksenteret.no/teikneserier



TEIKNESERIESIDENE inneheld forteljingar frå meir enn tretti ulike nynorske teikneserietitlar. På sidene finn du dessutan bakgrunnsstoff og dømme på moglege oppgåver og arbeidsmåtar.



Nynorskbok.no

Kvart år kjem det mange nye, gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert. På Nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



NYNORSKOPPLÆRING kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Dette nummeret kjem ut i samband med Nynorsk barnebokveke 2013, som er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkesbibliotek, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Ivar Aasen-tunet.